


KONTAKTBLAD FOR HJARTDAL
Nr. 26 Des. 1998 9.årg. **HISTORIELAG**



Tekningane vil vi alltid ha

Takk for innsatsen, Ørein!

Enda ein sommar har gått, og både triste og hyggelege ting skjer også for historieinteresserte.

Svein Grue Carlsen kjem vi til å sakne både som ein grei kar og som historielagsmedlem, og ikkje minst for at han kunne skape teikningar som levandegjorde både segner og historiske hendingar på ein så gjennomarbeidd måte.

Arbeidet med Hjartdalssoga går mot målet, og både tekst og bildestoff i siste bandet vil nok minst bli på høgde med tidlegar bøker i serien.

Forprosjektet for ny bruk av Heddal mølle er avslutta og sendt til eigaren,

Notodden kommune. Mølla skal overtas av ei stifting, og er vald som "tusenårsstad" for Hjartdal. Så får vi tru det vert mogleg å reise pengar framover til å gjennomføre planane.

Mange kom i sommar endeleg på USA-tur, og fekk besøke stadar som er kjende i utvandringshistoria vår.

Ei ny stor kulturhistorisk bok frå Tuddal har sett dagens lys. Ivar Dahl har stått for den innsatsen.

Og meir og meir historisk hjartdalstoff er å finne på internett.

(Litt av heimesida ser du her. Sjå også siste side)

HHL's eigne sider:

[Folketeljing 1865](#)

[Utvandring](#)

[Hjartdal Sparebank 100 år](#)

[1998](#)

[Omnefossen](#)

[Hjartdalssoga](#)

[2 verdenskrig - "Skriften på veggen"](#)

[Mons Landverk](#)

[NBI NYI Ny bok om Tuddal
- av Ivar T Dahl](#)

[NBI NYI Tuddal kyrkje 200
år \(Frå "Arven"\)](#)

[NBI NYI Bankens
jubileumstur til USA 1998](#)

[NBI NYI Artikkel om tidleg
utvandring frå Aust-
Telemark](#)

Hjartdal Historielag!

- arbeider i nåtida,
med fortida, for framtida!

Styret og vedtekten

[Kontaktbladet](#)

[Medlemskap](#)

[Logoen til HHL](#)

[Historiske bilde](#)

[Americans, click here!](#)

Andre aktuelle sider:

[ØTA's historie](#)

[Hjartdal gamle prestegard
på Nutheim](#)

["Heimen"/LLH](#)

[Norsk telemuseum,](#)

[Hjartdal](#)

[Anne Haugen Wagn
1801-folketeljinga \(UIB\)](#)

[Fleire lokalhistoriske linkar](#)

[Sauland skule](#)

[Hjartdal folkebibliotek](#)

Rusleturen regnde bort


På grunn av regnvær blei det ingenting av den annonserete rusleturen i husmannsgrendene oppunder Himing i september.

Men ideen og opplegget er bra nok til at vi prøver igjen neste år.

Kontingensten for 1998!

Innbetalingslappen skal ligge i dette bladet. Det er framleis rimeleg å vere medlem i HHL.

Hugs å skrive namnet ditt på giroen så vi veit kven som har betalt, og kven som skal ha kontaktblad tilsendt!



Øvar T. Dahl

Glimt av Tuddal før i verden

Det store bok- prosjektet til Ivar Dahl er gjennomført!

At Ivar Dahl har gått med planar om å gjere noko ut av den kunnskapen han gjennom åra har samla om Tuddal før i verden, var noko mange visste. Men at resultatet skulle bli ei bok av slik høg kvalitet og kvantitet, kom likevel som ei overrasking - til og med på dei som var innvigde i planane.

Boka er grundig omtala av Anne H.Wagn i Telen, så vi vil berre oppmøde folk om å skaffe boka fortast råd. Kvifor ikkje bruke ho som julegåve?

Vi bruker heller plassen til nokre små utdrag. Først eit par bjønnesoger:

Olav Åkre f. 1850 i Bondal var ein god bjønneskyyttar.

18 bjønnar skal Olav ha felt med børsa si. Men for kvar bjønn miste han ei kyr. Dei trudde bjønnen hemna seg på han på den måten.

Den siste bjønnen skaut Olav i Horsdalen nordafor Reisjå. Det

er "skellen" av denne som heng på loftsveggen i Åkre i dag. Han må ha skote bjønnen frå sida, for kulehullet syner tydeleg under øyra.

Soneson Olav T. Åkre meiner dette var sist i 1890-åra, og våpenet var munladningsbørse. Da galdt det å råke på første skotet, det var ikkje så "snegt" (fort) å lade om.

Sigurd Kultan fortalte om denne hendinga:

"Ola Åkre o Kjitol Bondal va ein gong på bjønnejakt. Dem ha sett ein bjønn i Horsdalen onde Bonsnås der ve Reisjå, o så sku nå Ola og Kjitol skote på'n. Dem

såg bjønnen kåm ne'over o la seg upp på ei helle - den ha ein gvit flekk i bringa. Dem skaut både to, o bjønnen blei liggjande der på hella. O så blei dem uvener fe da dem sku flett'n så va de bære eit kulehål o sjå. O både ville vørå den som ha skote bjønnen. Men så ha dem treft på samre stella. De visa seg da dem skar upp bjønnen - kulun ha gjinji litegrann på skråss, så dem va nåkk like goe om den bjønnen".

Budeia på Grønlistulen sende ein gong bod på Halvor Gyving (1825 - 1910), om han kunne få has på ein bjønn. Gyvingen var visst ikkje vond å be på. Det barst beine vegen mot Grønlighovda, og stulsfolket høyrdet smellen da han skaut bjønnen.

Ei lita beite etter smellen kom Gyvingen i fullt sprang ned frå høvda og beint inn i stulsbua. Der ladde han om "ifell" (i tilfelle) han hadde bomma. Så drog han opp på høvda att for å sjå etter bjønnen. Men han hadde råka godt med første skotet. Bjønnen låg Stein daud.

Så blei det trygt for budeia på Grønlistulen att.

Mange bygdefolk har fått sin plass i boka. Dahl skildrar dei med både respekt og humør. Her litt om ein av dei markerte skikkelsane i Tuddal i nyare tid::

Kjetil Sud-Rue (1906-1996) også kalla "Su-Ruen" eller "Myllarguten" var ikkje skåren for tungebandet. Torkjell Sudistugu Hovde var morbror hans.

Da han møtte for presten Tisthal til "masjon" (konfirmasjon) spurte Tisthal:

"Og nu min gode Kittil, når er så du født til denne syndige verden"?

"To og træde vte oktobre nittenhondroseks", svara Kjetil.

"Men det er da ikke 32 dager i nogen måned"?

"De va de den gongen"!

Kjetil var fødd 23. oktober, så det var ikkje så langt unda.

Kjetil meinte stundom at han hadde kontakt med Vår Herre:

"Eg va på Flugonfjelle, eg hørde de ropa: Kjtil, o tenkte de va Vårherre, men eg lest som eg eller hørde".

"Kjtil, sa de".

"Ja, her è eg".

"Du bli gammål du".


"Ja, eg veit de".

Fortalt av Olav A.Stuvrud og Solveig Tjønn
(Kjetil fekk rett, han blei 90 år gamal)

Bankens jubileumstur til USA er historie

Jubileumsturen til banken er overstått. Vi vil tru at folk var nøgde. Om programmet var stridt, så rakk vi tilsvarande mykje. Turen bør vere kjent frå Telens referat og same referatet med mange bilde ligg på internett, så vi skal bare for ordens skuld nemne dei programpostane som var direkte knytt til utvandrings-historia.


- Fest med kultur-program i den norskamerikanske Kringen Club i Fargo, Nord Dakota,
- Møte med etter-kommarar - og feiring av 150-årsjubileet for Kjeldalenslektas utvandring frå Tuddal, i Minnesota.
- Besøk i Old



Muskego Church i St.Paul, Minnesota.
-Eit norsk museum i Wisconsin.

Under til venstre ser vi nokre HHL-medlemmer utanfor Muskego-kyrkja i parken ved Luther Seminary i St.Paul, Minnesota. Til høgre er eit bilde av Halvor Nelson Lonar som bygde kyrkja i 1844. Bildet er frå boka "In Jesus' Name Shall All Our Work Be Done" av pastor Karen Hanson, ho som tok i mot oss i kyrkja. Boka er historia til menigheten som blei grunnlagt med denne kyrkja i Wisconsin





På USA-turen helsa vi på ei eldre dame - Viola Kjeldahl Lee. Det vi ikkje var klar over, var at ho for nokre år sidan, spela inn ei plate med norsk-amerikansk gammaldans på trekksespel. Nå har vi fått tak i denne innspelinga, og dette må vel vere den einaste utgjevne plata, der m. a. musikk knytt til Tuddal, blir framført slik som i dei første generasjonane i Minnesota. Viola er sonedotter av Kittil Halvorson Kjelldalen som utvandra med foreldra i 1848, og kom til å bli kongressmann i Washington ein periode på 1890-talet.

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 26.3.1998 PÅ TUDDAL HØYFJELLSHOTELL

MØTELEIAR: Torkel Hytta.

Innkalling var sendt alle medlemmene i form av kontaktblad nr. 25.

Sak nr.:

6/1998ÅRSMELDING

Godkjent etter at den blei referert og kommentert av formann og sekretær

7/1998REGNSKAP

Regnskapet blei godkjent av årsmøtet.
Det er revidert av Finn Birger Andersen

8/1998VALG

Resultatet var i tråd med valgkommiteens innstilling:

Formann: Torkel Hytta (Gjenvalg)

Elles i styret (Styret blir konstituert på første styremøte):

Ivar T. Dahl (Ikkje på valg),
Leif Skoje (ikkje på valg),

Helga Asland, (Gjenvalg),

Brit Ingjerd Hjartsjø (Ny),

Ragnhild Særslund (Ikkje på valg)

Vara: Anne Haugen Wagn, Anne Tone Larsen, Astrid Espelid

Valgkomite: Ola H. Særsland, Finn Birger Andersen

Revisor: Finn Birger Andersen

9/1998KONTINGENT

Kontingenget blei sett til 50 kroner året som før.

Elles blei møtet utvida og meir høytideleg da kommunen fann dette som rette anledningen til å dele ut årets kommunale kulturpris.

Det var Anne Haugen Wagn som mottok prisen frå formannen i utvalet

for levekår og kultur, Hans Chr. gjennom mange år.
Erichsrud,
for sitt arbeid med lokalhistorie

Torkel Hytta (Formann)
Leif Skoje (Sekretær)



Årets kommunale kulturpris blei utdelt til Anne Haugen Wagn etter årsmøtet på Tuddal Høyfjellshotell 26.mars. Om ho er oppvachsen i Bærum og busett i Notodden, er det liten tvil om at det arbeidet ho har gjort innan lokalhistorie og kulturvern i Hjartdalsbygdene gjer henne til ein velfortent mottakar av prisen. Frå venstre: Skule- og kultursjef Bjørn Rugaas, formann i utval for skule og kultur, Hans Chr. Erichsrud og Anne Haugen Wagn.

Om medlemspengar!

Det er nødvendig med ei skikkeleg oppdatering av medlemsliste-ne. Difor sender vi denne gongen ut bladet også til alle tidlegare medlemer - dei som ikkje er registrert som betalande siste år(a).

Gjennom åra er det ein del som har gløymt å skrive namnet sitt på giroen med medlemspengane. Dermed er dei ikkje registrerte. Nokon har også gløymt å betale.

Nokon vil kanskje ikkje vere medlem lenger, men hugs -

medlemsskapet fører ingen plikter med seg.

For å få listene skikkeleg ajour nå, bed vi dykk betale (med avsendarnamn på giroen) helst før nyttår. Deretter vil vi så stryke alle som ikkje betaler, slik at desse ikkje kan rekne med å få kontaktblad eller annan informasjon heretter.

Vi bed samstundes om melding dersom det er adresseforandringar.

Og tips gjerne andre om å bli medlem.

Nytt om EDB og internett

Talet på datamaskinar med internett-tilkobling er raskt stigande i hjartdalsbygdene som elles i verda. HHL er som sagt i tidlegare blad, med på utviklinga ved at det er lagt ut mykje lokalhistorisk stoff som dermed er tilgjengeleg for heile verda. Noko er stoff som tidlegare er brukt i kontaktbladet. Det som er lagt ut er:

- Presentasjonsside (Styre, vedtekter osv)
- Folketeljing 1865 på listeform (HHL's eiga avskrift)
- Den gamle industrien ved Omnesfossen
- Tradisjonar og fakta omkring Mons Landsverk
- Hjartdalssoga, presentasjon og smaksprøver
- Utvandringshistoria til Kjellalenfamilien frå Tuddal
- Delar av "Wisconsin my Home" i norsk oversetjing
- Ny artikkel om den tidlegaste utvandringa frå Aust-Telemark til USA
- Ei side med engelsk tekst som presenterer kommunen med vekt på utvandringshistoria (Laga særleg for norskamerikanarar)
- Referat med mange bilde frå bankens jubileumstur til USA sommaren 1998
- Ei side som presenterer S.V.Traes bok, "Skriften på veggen" om krigen og motstandsarbeidet
- Eit utval historiske bilde
- Tuddal kyrkje 200 år (Frå "Arven" 1996)
- Glimt av Tuddal før i verden (Kort presentasjon av boka til Ivar Dahl)

Dessutan har vi linkar der ein kan komme seg til andre lokalhistoriske ressursar på nettet, - både norske og utanlandske.


Adressa til heimesida er nå forandra til

<http://w1.2350.telia.com/~u235000027/>

Det er fordi vi har fått plass på folkebibliotekets område. Adressa er tungvin. Det kan vere like greitt å leite seg fram til "Hjartdal-historielag" på AltaVista e.l.

HJARTDAL HISTORIELAG

Grunnlagt 1989



Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 150

Sekretær: Leif Skoje, 3692 SAULAND Tlf.: 350 23 011

Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank:

Kontonr.: 2699 07 04332

Kontaktbladet blir laga av Sekretæren i HHL.

Bladet blir sendt alle medlemmer.

Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde.

Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet.